

HMS-MØTE

		Møte nr.	2	2019	
			TID	Måndag 25.11. 2019	
MØTESTAD	Tuv				
DELTAKARAR	Barnehage: Christopher Cassidy Svennevik (FAU), Kari M. Moland (tilsett), Monika Randar (styrar) Skule: Stian Rygg Bekkevold (FAU), Joveig Erikstad (FAU)Hege Janett Myro (tilsett), Unni Bjørke (rektor). Eigar: Jørgen Von Tangen				
NESTE MØTE		REFERENT	Monika		

SAK	Sakliste	Ansvar
1.	<p>Ressurs og bemanningssituasjonen</p> <p>Rektor informerte om situasjonen på skulen:</p> <p>Ca halve arbeidstida til rektor vert brukt i klasser for å hjelpe til. Ho har også spes ped undervisning med ein elev. Det er meldt inn behov for ein 50%-70% stilling for å forsterke i særlig 2 av klassane, men det har i seinare tid også dukka opp fleire behov. Unni reknar ut kor mykje dette vil utgjere tilsaman. Jørgen ynskjer at ho sender det eksakte behovet til han i forkant av neste møte i Livsløp, den 5. Desember. Det er viktig at politikarane får eit realistisk bilde på ressursbehovet før det vert gjort vedtak om nytt budsjett. Rektor opplever at svaret frå oppvekstsjef er at Hemsedal kommune må spare pengar og at oppvekst og helse særlig overskrid budsjetta sine. Dette skaper ein stressa situasjon bland ei tilsette, då dei stadig opplever at elevar går ut frå timar, ikkje kjem inn i timar eller ikkje klarer delta i undervisninga, av di borna ikkje får den hjelpa dei treng, for å fungere i skulekvarden.</p> <p>Rektor opplever personalet som samarbeidsvillige og fleksible, og at dei strekkjer seg så langt det går for å gje borna eit best mogleg tilbod. Me har eit fantastisk personale på Tuv skule og Sfo, som gjer det lille ekstra for borna heile tida og som trør til og hjelper kvarandre når me er litt for få vaksne i kvarden.</p> <p>Rektor opplever det fint å vere i klassane og blir godt kjent med både elvar og lærarar på den måten, og ser jo då godt dei behova som er, men merkar at kapasitet og tid til dei administrative oppgåvene er for lita no.</p> <p>Det viser seg også at lærling vert brukt 100 % av tida si til å vere vikar. Ho skal ha ein del av tida si frigjort til å vere lærling. Dette må rektor ta tak i.</p>	U.B

Jørgen orienterte om at det var komme inn bekymringsbrev kring ressurssituasjonen i skulane, til Livsløp sitt møte sist torsdag. Desse breva kom frå alle tre skulane - både frå fau og tilsette. Livsløp tek dette alvorleg og er tydelege på at dei ynskjer å prioritere skulesektoren og at dei vil ha reelle behov fram. Det vart også fremja at det er viktig at enkeltvedtak følgjer ressursar også i sfo-tida.

Konklusjon:

Det er viktig at rektor vert møtt med forståing frå oppvekstleiar på ressursbehovet. Rektor skal sjå nærmare på det eksakte behovet. I tillegg må det takast tak i lærlingsituasjonen, slik at ho vert frigjort til å vere lærling slik ho skal, observere og lære på alle trinna 50% av tida.

Styrar informerte litt om situasjonen i barnehagen:

Sidan me har bemanningsnorm og pedagognorm, kan me ikkje la vere å setje inn vikarar dersom me skal jobbe lovmessig. Men me sparar på vikarar når me kan og styrar dekkje opp der det er mogleg.

	Jørgen orienterte om at det var komme inn bekymringsbrev kring ressurssituasjonen i skulane, til Livsløp sitt møte sist torsdag. Desse breva kom frå alle tre skulane - både frå fau og tilsette. Livsløp tek dette alvorleg og er tydelege på at dei ynskjer å prioritere skulesektoren og at dei vil ha reelle behov fram. Det vart også fremja at det er viktig at enkeltvedtak følgjer ressursar også i sfo-tida. Konklusjon: Det er viktig at rektor vert møtt med forståing frå oppvekstleiar på ressursbehovet. Rektor skal sjå nærmare på det eksakte behovet. I tillegg må det takast tak i lærlingsituasjonen, slik at ho vert frigjort til å vere lærling slik ho skal, observere og lære på alle trinna 50% av tida. Styrar informerte litt om situasjonen i barnehagen: Sidan me har bemanningsnorm og pedagognorm, kan me ikkje la vere å setje inn vikarar dersom me skal jobbe lovmessig. Men me sparar på vikarar når me kan og styrar dekkje opp der det er mogleg.	
2.	Planleggingsdagar i barnehagen Fyrste skuledag skuleåret 2020-2021 er mandag 17. august. Barnehagen startar eigentleg nytt år med plandag 17. og 18. Me drøfta korleis me løyser det. SU meiner det er viktig at skule og barnehage har plandagar likt, slik at barnehagen då har plandag 13. og 14. i staden. Då vert det likt med skulen. Det betyr at barnehagen barnehageåret 2019-2020 har 7 plandagar, men at det då berre vert 3 dagar barnehageåret 2020-2021. Monika tek dette vidare med Eva (Ulsåk barnehage), fagleiar og oppvekstsjef.	M.R
3.	Info om brukarundersøkelse i barnehagen Barnehagen har no ute sin årlege brukarundersøking. I år går den fram til 20. desember. Svarprosent foreløpig er: Røggelia 62%, Kroken 63% og Åne 70%. Monika fortsett å sende ut purring til dei som ikkje har svara enno. Målet er å få 100% svar. Til fleire som svarar, til meir reelle er tilbakemeldingane. I fjor skåra barnehagen 4,8% av 5,0% på tilfredshet, med ein svarprosent på 77,55%.	M.R
5.	Eventuelt Skuleutbygginga og ulemper for Tuv skule Rektor orienterte om utfordingane ho som rektor, og personalet i skulen ser dersom skuleutbygginga vert utsett: 1:Skulen er liten og kompakt. Når elever utagerer eller er urolige i gangen, høyres det svært godt i alle klaserom. 2.Me har eitt grupperom der me kan ha spes ped undervisning (i tillegg eit møterom som nokon gonger er ledig) Difor får me ikkje hatt spesialundervisning eller gruppeundervisning slik me ynskjer. Dei elevane som aller mest treng ro for å jobbe med læraren sin i spes ped får ikkje den roen dei treng når dei må sitte på Sfo eller i	ALLE

gangane.

3.Me er få tilsette og har dermed ikkje eit stort fagmiljø. Me manglar noko kompetanse og som me vil få ved å bli ein stor skule, bl a dataansvarlig og spes ped kompetanse . Det at me er så få tilsette gjer oss svært sårbar ved sjukdom/fråvære hjå personalet.

4.. Det er radonstråling her. Dette er det gjort tiltak rundt, men må fortsatt følgjast med på.

5. Det eit gammalt elektrisk anlegg her som mogleg må byttes før ny skule er på plass.

6. Det er noko bekymring knytt til det med brann og rømmingsvegar i form av at 1.klassingar må klatre ned skumle brannstigar bl a.

7.Me har problem med å forsvare retten til å binde pedagogane til arbeidsplassen så mykje som me gjer. Dei har liten plass og det er dårlig luft og utfordringar med temperaturen på arbeidsrommet.

8.Garderoben til elevane (og dei vaksne) er svært trøng og liten. Det fører til mykje rot og kaos i klede og sko. Det skaper og mykje krenking/krangsel og uro blant elevane. Det er mange konfliktar som oppstår her kvar dag.

Innspel frå FAU-representant: Viktig for det psykososiale miljøet at det kjem storskule. Lære det sosiale spelet er viktig, og det kan vere vanskeleg i trinn med få elevar.

Rektor seier det er viktig at det er med trygge vaksne frå barnehage til skule og frå småskule til mellomtrinnet.

Jørgen orienterte om at dei ser på investeringsbudsjettet i samanheng med budsjettarbeidet i desember.

Bussak

Busselskapet har sendt melding om at elevane på Skogajordet brukar tid på å setje seg i bussen og få på sæler. Det kom fram frå Fau at bussen den siste tida kjem ca 10 minutter seinare enn den har gjort før. Unni gir tilbakemelding til busselskapet om det, og sjekkar opp kor tid bussen skal vere ved Skogajordet.

Brøyting

Det har komme bekymring frå FAUv/Christopher kring brøytesituasjonen ved oppvekstsenteret. Dette er ei felle bekymring frå både føresette og personalet. Rektor og styrar sender e-post til ansvarleg i kommunen kvar gong det ikkje er tilfredsstillande brøyta. Det skal vere ferdibrøyta til kl. 07.00 kvardagar. Det er viktig at det blir gjort noko med dette. Det er ynskje frå FAU om at rektor og styrar tek kontakt med ansvarleg i kommunen, og ber om eit møte saman med entreprenør.

Jørgen tek også med seg dette til Livsløp.

SU- samansetning

Stian har sendt inn sak om korleis samansetninga for SU skal vere. Tuv har fram til no ikkje fult lovverket når det gjeld samansetning av SU. Frå og med neste møte vel me å setje saman SU utifrå opplæringslova §11.1, der det står at:

«Kommunen kan skipe eit felles samarbeidsutval for grunnskole og kommunal barnehage. Etter avtale kan ei tilsvarende ordning etablerast mellom privat barnehage og kommunal skole. Utvalet skal ha to representantar for elevane, ein representant for undervisningspersonalet, ein representant for andre tilsette i skolen, to representantar for dei tilsette i barnehagen, to representantar for foreldrerådet i skolen og to representantar for foreldrerådet i barnehagen. I tillegg til dei representantane for kommunen som følgjer av første og tredje ledet, kan eigaren av barnehagen nemme opp inntil to medlemmer».

I tillegg ynskjer me at det skal vere vara for både tilsette og føresette. Det er eit felles ynskjer for alle medlemmane i SU at me ordner opp dette så fort som mogleg, slik at me føl lovverket.

Stian etterlyser også eit årshjul. Rektor og styrar lagar eit forslag til neste møte, og sender dette ut til SU v/ Ulsåk og HBU
[Link til FUG på heimesida](#)
Rektor og styrar lagar også ei taushetserklæring for FAU i barnehage og skule.

Orienteringssaker til slutt:

Barnehagen er valt til å vere ein av 20 barnehagar i landet som skal vere med i eit forskningsprosjekt i høve implementering av rammeplan. Dette er eit prosjekt som skal vare i 2 år.

Rektor informerte også om eit tilsyn dei skal ha på skulen, i høve psykisk helse for elevane i skulen.

Referat frå SU møtet vert sendt ut til alle i SU i fyrste omgang, så vert det lagt på heimesida til kommunen dersom det ikkje kjem nokon fleire innspel.